



MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Måndag 23. oktober 2023 kl. 17.00-20.00	Klukkanhaugen, Dovre

TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn, avtroppende råd:

Marit Reidun Bøe Svestad, Anne Brit Roen Eriksen og Helle Hundevadt og Hans Ingvald Hovde. *Forfall: Per Anders Håvelsrud*

Dombås sokn, avtroppende råd:

Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, Jomund Endre Angard og Knut Arne Berget

Dovre sokn, påtroppende råd:

Helle Hundevadt, Josten Dalslåen, Wenche Håvelsrud og Ann Kristin Moldal.

Dombås sokn, påtroppende råd:

Siw Anita Killi Kvatningen, May Britt Storheil, Gro Anita Myhren og Torill Olaug Killi. *Forfall: Inger Pauline Gravem,*

Geistlig repr. Bente Sverdrup

Kommunerepr.: Knut Nytun

Med tale- og forslagsrett:

Frå Dovre sokn, påtroppende råd:	Else Karin Stigen
Kyrkjeverge:	Steinar Grønn
Prosjektleiar:	Elin Marit Andgard
Aktitekt:	Erik Langdalen
Leiar av kunstgruppa og redaktør for kyrkjebladet:	Hans-Jakob Dahl

SAKER TIL HANDSAMING

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SAKER TIL HANDSAMING

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

NÅVÆRANDE RÅD (2019-2023)

SAK 60/23 SØKNAD OM NÆRINGSVERKSEMD PÅ KYRKJEGARDANE
SAK 61/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - STOLER
SAK 62/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - KNEFALL OG BRUDESTOLER
SAK 63/23 REFERAT OG ORIENTERINGER

FELLES

ORIENTERING OM DOMBÅS KYRKJE: UTSMYKNING, STATUS OG ØKONOMI
ORIENTERING OM KYRKJEBLAD FOR DOVRE

NYTT RÅD (2023-2027)

SAK 64/23 KONSTITUERING – VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 60-64/23 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Somund Angard Knut Nytor
Knut Berger Hans Ingvald Stevle
Anne Britt Roen Eriksen Bente Svedrup
Gelle Stunderacht Eli Nytoroen Lyngen
Ranai Brumhaug Marit Svestad
Jostin Kvamrungen

Innkalling: 17. oktober 2023.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

Gro Anita Myhrer Knut Nytor
Ann Kristin Moldal Bente Svedrup
Wenche Håvelsrud Gelle Stunderacht
May Britt Sticheil
Eira Kavin Stigen
Jostin Dahlén

SAK 60/23 SØKNAD OM NÆRINGSVERKSEMD PÅ KYRKJEGARDANE

Saksopplysninger:

Dovre kyrkjelege råd har fått ein søknad frå Wenche og Freddy Kleveland om å få driva med planting og stell på graver på kyrkjegardane på Dovre og Dombås. Søkjar har detaljert beskrive verksemda si i vedlagde brev.

I «Vedtekter for kyrkjegardane i Dovre» § 9: Næringsverksemd står det mellom anna: «Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal innhente løyve frå kyrkjeleg fellestråd.»

Dovre kyrkjelege råd behandla tilsvarande sak under sak nr. 32/11. Den gongen vart det gjort følgjande vedtak:
«Søknaden vart innvilga under føresetnad av at verksemda følgjer retningslinjer fastsett av kyrkjeverjen.»

Dovre kyrkjelege råd tilbyr stellavtaler, og inntekter frå desse er mellom anna med å finansiere sumervikarane på gravplassane. Men vi tilbyr ikkje tenning av lys på spesielle merkedager eller spesielle planter på grava. Dette er ei teneste som går ut over den stellavtala som Dovre kyrkjelege råd kan tilby.

Innstilling:

Søknaden vart innvilga under føresetnad av at verksemda følgjer retningslinjer fastsett i *«Vedtekter for kyrkjegardane i Dovre»*.

Møtebehandling:

I samsvar med "Vedtekter for kyrkjegardane i Dovre" skal dei som ønskjer å driva verksemd på kyrkjegardane innhenta løyve frå Dovre kyrkjelege råd. Det er allereie gitt tilsvarande løyve. Dette gjeld berre stell av plantefeltet, og festar kan fritt be andre gjennomføra planting og stell.

Vedtak:

Søknaden vart innvilga under føresetnad av at verksemda følgjer retningslinjer fastsett i *«Vedtekter for kyrkjegardane i Dovre»*.

Vedlegg til sak 60/23:

Dovre kyrkjelig fellesråd

Kongsvegen 22

2662 Dovre

Vi ønsker å starte opp et firma der vi tilbyr hjelp av planting og stell av gravplassen hele året. Alt fra planting til 17.mai, sommerblomster, høstblomster, krans til jul. Ønsker også å bidra på dager der det skal tennes lys, f.eks. på bursdager, bryllupsdager, allehelgensdag, julekvelden, nyttårs kvelden og dager generelt som har betydning for hver enkelt. Vi vil også slå kantene rundt gravplassen, lusing, vanning og holde det pent. Vi meiner at hvert et gravsted har sin historie og de som er knyttet til gravstedet har sin personlige historie, og sine egne meninger og opplevelser som vil prege valgene rundt gravstell. Vi ønsker å imøtekomme så lang det lar seg gjøre hvert enkelt ønske og de valgene dem vil ha. Har den avdøde noen favoritt blomster og etterlatte ønsker å imøtekomme det så prøver vi å bruke disse for å gjøre det personlig, målet er å gjøre det personlig.

Dokumentasjon på arbeidet til den enkelte vil bli gjort og det vil på forespørsel sendes bilde til den betalende etterlatte på f.eks. e-post, SMS ol.

Vi tenker og tror at det vil bli et større og større behov for hjelp og stell av graver da hverdagene blir mere og mere hektiske og flere av de etterlatte ikke bor i nærheten og har derfor ikke mulighet til å stelle gravene så mye som de selv ønsker. Det er også flere av fastboende som føler at dem ikke har tid og mulighet til å stelle gravene.

Før vi starter med firma så vil jeg også få gjort avtale med gartneri eller kjede der jeg veit jeg får gode og kvalitet på blomster. Jeg ønsker også å få avtaler på kranser, lys, evt. batteri drevet lys, kransholder, lykter ol. Jeg vil også ta på meg å lage forskjellige type kranser vist noen ønsker det, og lage etter hvert ønske der.

Vi er meget positive til å starte et firma rundt gravstell, og vi liker å drive med både planting og pynting rundt våre familie gravplasser, og er opptatt av at det skal være pent. Når jeg er på kirkegården så vanner jeg faktisk blomster til andre, spesielt der jeg veit at pårørende ikke klare å komme seg til kirkegården så ofte selv.

Jeg veit ikke hvordan det er i Dovre kommune i forhold til avtaler dere har med stell av graver, men vi ønsker også å bistå dere med dette hvis det er behov for det.

Er det noe som er uklart eller noe dere lure på så er det bare å ta kontakt.

Mvh

Wenche og Freddy Kleveland.

SAK 61/23 NYE DOMBÅS KYRKJE – STOLAR

Vedlegg:

- Vurdering med skisser frå arkitekt
- Informasjon om stolar frå Fyresdal/Svartdal Design
- Infomasjon om stolar frå møbelfabrikken Aksel Hansson

Bakgrunn:

Sak 41/23

DKR har vedtatt ei planløyising med stolar i midtpartiet og kyrkjebenker i hovedskip og sideskip.

Det er komme synspunkt på «trebenkane» med tankje på sittekomfort. Ved valg av stolar kan dette ivaretaast på ein betre måte. Stolane må harmonere med kyrkjerommet når det gjeld farger og materialvalg. Samstundes må dei være solid nok, men også lette nok for å enkelt kunne flyttast og stablast. Levetid på stolar vil være kortare enn kyrkjebenkane.

Vedtak sak 41/23 – stolar m.m.

- DKR ynskjer stolar med god sittekomfort og ber prosjektleiar for Dombås kyrkje undersøkje alternativer som rådet får til utprøving og avgjerse i juni-møtet. Arkitekt bistår m.a. med drøfting med Riksantikvar og uttale.

Sak 50/23

Presentasjon av og prøvesitting av fleire type stolar.

Vedtak sak 50/23:

1. DKR ynskjer stolar frå Fyresdal tre med tre spiler i ryggen.
2. DKR ber prosjektleiar undersøkje fleire detaljer vedr. stolane fra Fyresdal tre.
3. DKR ber arkitekt lage illustrasjonar med alternativa:
 - bøk treverk og fletta sete i lin
 - bøk treverk og stoppa sete med anna fargeforslag enn grå/beige
 - måla treverk (grøn farge som benkane) med stoppa sete i grå/beigefarge som benkane
 - måla treverk (grøn farge som benkane) med fletta sete i lin
4. DKR ber arkitekt kontakte Biskop og Riksantikvar for uttale.
5. Rådet gjer vedtak om type stetter, synleg treverk eller måling og material/farge på setet på neste møte.

Etter sist handsaming i rådet, har prosjektleiar vorte kjent med stolar frå møbelfabrikken Aksel Hansen, produsent av m.a. Jærstolen. Desse liknar mykje på stolane frå Fyresdal/Svartdal design, men har ein annan og penare samankobling.

Andre forhold:

Rådet har budsjettert med kr 180.000 kr til stolar. Det er behov for 50 stolar på plan 1. På galleriene er det plass/behov for 10+30 stolar.

Riksantikvar har signalisert at stolar er eit viktig valg som dei vil være involvert i. Det blir arbeidd med å få til eit møte med Riksantikvar og biskop før rådsmøtet.

Orgelkonsulent ynskjer minst mogleg lydabsorberande flater på stolar og benkar.

Dette er kanskje mindre vesentleg for stolane i midtpartiet som ein må rekne med blir valgt fyrst som sitteplass. Når ein sitteplass er i bruk er mengda tekstil pr. menneske større enn mengda stoppa sete/pute.

Lause puter framfor fast stoppa sete har både fordeler og ulemper. Det som er laust kan felle ned og slitast meir ved flytting, men er dei «rett» utforma kan dei også nyttast som sitteputer på golvet.

Stolane har ulik tyngde som også må vektleggast med tankje på flytting og stabling. Trengs det eige stoltralle t.d.?

Alle stoler som er omtalt er tilgjengeleg for prøving på møtet.

Innstilling:

På bakgrunn av ynskjer og synspunkt frå rådet ved tidlegare handsaming, foreslår prosjektleiaren at rådet vel stolar frå møbelfabrikken Aksel Hansen eller Fyresdal, stoppa sete i beige stoff eller fletta sete og måla treverk i grønt slik som benkane. Stolane har god sittekomfort, kan stablast, kan festast saman og er innanfor budsjettamme.

Møtebehandling:

Marit Svestad fremma følgjande forslag:

Rådet vel stolar frå møbelfabrikken Aksel Hansen med stoppa sete.

Helle Hundevadt fremma følgjande forslag:

Undersøkje Minus med sammenkobling.

Forslaget frå Svestad fekk 7 stemmer. Hundevadts forslag fekk 3 stemmer.

Marit Svestad fremma følgjande to alternative forslag:

1. Umåla treverk med grønn pute.
2. Måla treverk i grønt med ljós pute.

Alternativ 1 fekk 5 stemmer. Alternativ 2 fekk 4 stemmer.

Vedtak:

Rådet vel stolar frå møbelfabrikken Aksel Hansen, stoppa sete i grønt stoff og umåla treverk.

SAK 62/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - KNEFALL OG BRUDESTOLER

Bakgrunn:

Sak 41/23

Gamle bilder syner at det tidlegare var stoff på knefallet og kneleskamlane. Arkitekt og prosjektleiar meiner at dette er eit betre alternativ enn skinn med tankje på utforming, fargesval, reinhald og vedlikehald. Og meiner at også brudestolane bør få stofftrekk, ikkje skinn. Mykje tyder på at stolane hadde vove trekk slik som benken opprinneleg. Rådet har tidlegare vedteke at benken blir restaurert med vove trekk som før.

Tidlegare var det lange puter på benkane. Uklart om det vil være behov for og/eller mogleg med puter på dei nye. Lause små-puter er ei betre løysning akustiske sett. Farge og materialet som evt. stoppa sete på stolane.

Vedtak sak 41/23 – stolar m.m.

- Brudestolar, knefall og kneleskamlar får stofftrekk.
- Når stolar er valde, tek rådet stilling til evt. lause puter.
- Arkitekt foreslår farge på tekstilar til putar, stolar og knefall.

Andre forhold:

Orgelkonsulent seier det er ynskje om minst mogleg lydabsorberande flater på stolar og benkar.

Møtebehandling:

Arkitektens forslag blir lagt fram på møtet:

- Knefall: Mørkt ullstoff med abstrakt mønster. Arkitekt skaffer prøver.
- Brudebenk: Rekonstruere veven som var opprinneleg.
- Brudestoler: Velge ullstoff. Arkitekt skaffer vareprøver i ull.

Vedtak:

Saken utsettes.

SAK 63/23 REFERAT OG ORIENTERINGER

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 4. september 2023.**
- **Post:**

- Brev frå Dovre og Lesja kunstforening om val av representant til komiteen for utsmykning av Dombås kyrkje. Greta Tallerås er vald til kunstforeninga sin representant.
 - Brev frå Sjukehuset Innlandet med varsel om opphør av dom. Dovre kyrkjelege råd har mottatt varsel om at dommen til Hussein Abdulqader Salah er opphørt, da pasienten har returnert til opprinnelsesland.
- **Orientering om Dombås kyrkje: Utsmykning, status og økonomi.**
Orientering frå arkitekt, prosjektleiar og leiar for kunstgruppa
 - **Orientering om kyrkjeblad for Dovre**
Redaktøren orienterer.

Innstilling:

Protokollen frå rådsmøtet 4. september er godkjent.
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

Vedtak:

Som innstilling.

SAK 64/23 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR AV DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Saksopplysninger:

Det skal veljast ein leiar og ein nestleiar for Dovre kyrkjelege råd for 1 år.

Innstilling:

Open innstilling.

Møtebehandling:

Gro Anita Myhren foreslo: Helle Hundevadt som leiar.
Siv Anita Killi Kvatningen foreslo May Britt Storheil som nestleiar.

Vedtak:

Helle Hundevadt vart valgt som leiar og May Britt Storheil som nestleiar.

Neste rådsmøte:

Onsdag 8. november kl. 18 Dombås kyrkje.